



Ing Bleikli
Hamrenesvegen 1133
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2011 - 23/15459

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
29.06.2023

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 14/8 Hatland

Tiltak: Søknad om ombygging, fasadeendring og bruksendring
Eigedom: Gbnr: 14/8
Tiltakshavar: Osterøy næringseiendom AS
Ansvarleg søkjar: Ing Bleikli

Kommunen syner til søknad motteke 13.06.2023.

I søknad om fråvik frå TEK-17 kan det tyde på at søknaden gjeld energieffektivitet, men det går ikkje tydeleg fram av søknaden kva reglar i teknisk forskrift det vert søkt om fråvik frå, og om det vert søkt om heilt eller delvis unntak frå dei ulike tekniske krava.

Det er i søknad om fråvik frå TEK-17 mellom anna synt til at av bygningsmessige arbeid er det ingen endringar eller planlagde ombyggingar utover eventuelle tiltak med omsyn til branntryggleik som framkjem i brannprosjekteringa. Kommunen treng difor kopi av brannprosjekteringa og planteikningar, som syner kva endringar som skal gjennomførast i samband med branntryggleik.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Konkretisering av kva reglar søknad om fråvik frå TEK-17 omfattar.
2. Kopi av brannprosjektering med planteikningar, som syner kva endringar som skal gjennomførast.
3. Planteikning som syner faste installasjonar og bruk av areal i 1. etasje innanfor areal A1-C4, pluss eitt rom ved C4.
4. Informasjon om tidspunkt for oversending av søknad til Mattilsynet eller kopi av vedtak/samtykke.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 17.08.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing Bleikli	Hamrenesvegen 1133	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Osterøy næringsseidom AS	Hjellvikåsen 55	5281	VALESTRANDSFOSSEN